



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/51881-2

Dykkar referanse:  
19/30 – 19/7273

Vår dato:  
27.03.2019

### Uttale – Dispensasjon – Fv. 404 – Gnr. 148 bnr. 7 – Litleskare – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 08.03.2019.

#### Kva saka gjeld:

Det er søkt om å dele frå tomt med eksisterande bustadhus på Litleskaret, gnr. 148 bnr. 7, som er ein landbrukseigedom. Den omsøkte bustaden vart oppført i 1977 som hus nr. to på bruket. Bustaden har i dag avkøyrsløys frå fv. 404, felles med driftsbygning og ein fritidsbustad.

Lindås kommune spør konkret om bustaden har avkøyrsløys eller om det kan påreknast eit slikt løys ved ein eventuell deling av grunneigedomen.

#### Uttale:

Ved oppføring av bustad i 1977 var det krav om eit avkøyrsløys etter veglova før bygging eller frådeling. Det er Statsarkivet i Bergen som oppbevarer eldre saker etter veglova på vegner av Statens vegvesen. Vi har difor sendt spørsmålet vidare til Statsarkivet for å be dei sende over eventuell dokumentasjon på eit slikt løys. Vi har ikkje mottatt noko svar enno, og ein førespurnad kan ta tid å få svar på så lenge vi ikkje har eit konkret saksnummer å vise til. Det kan og vere mogleg at eigar har slik dokumentasjon, eller at det ligg oppbevart saman med byggesaka i Lindås kommune.

Dersom det kan dokumenterast eit avkøyrsløys er det ikkje krav om eit nytt løys, sjølv om tomta og bustaden no vert frådelt. Dette gjeld dersom søkjar har innretta seg etter vedtaket og opparbeidd avkøyrsla i samsvar med dei krav som er sett.

Dersom det ikkje kan dokumenterast eit slikt løys må dette søkast om uavhengig av søknaden som no er til behandling. For å kunne gjere ei god vurdering av saka ønskjer vi primært å synfare staden. Vi har i dette tilfellet lagt til grunn tolking av mellom anna kart, flybilette,

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

vegbilete og annan kjent kunnskap. Etter ei samla vurdering meiner vi det kan påreknast eit slikt løyve i dette tilfellet. Vi vil i så fall legge til grunn krav til utforming i samsvar med fartsgrense og kor mange som nyttar avkøyrsla. Det kan påreknast at det vert stilt krav til opparbeiding av avkøyrsla.

Vi vil ettersende svar frå Statsarkivet når det føreligg.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*